

## **Møtebok styremøte Fjordvegen Riksveg 13 - Hotel Ullensvang, Lofthus 07.06.2024 kl 11.00-15.00**

**Deltakrar:** Marta Sofie Vange, Anita Husøy Riskedal, Olav Lindseth, Marthe Hammer (digitalt), Ingvald Torblå (digitalt til kl 12.30), Vebjørn Mathiesen Solli (vara).

**Ikkje tilstades:** Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal  
**Sekretariatet:** Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Presentasjon frå Nye Veier v/ Håkon Lohne: Orientering

### **Saksliste:**

**Sak 23/24 Godkjenning av referat frå digitalt styremøtet 03.04, samt innkalling og sakliste**  
Referat og innkalling er godkjent.

### **Sak 24/24 Meldingar**

Melding er teke til vitande

### **Sak 25/24 Styretur 21.-23.10.2024 - prinsippavklaringar**

Gjennomgang av foreløpig program og budsjett.

(To notat med programforslag og budsjett vart ettersendt styret 9.6.)

### **Vedtak:**

1. Styret godkjenner vist rammebudsjett for styreturen oppad avgrensa til kr 90.000,-. Innsparingspunkt blir undersøkt vidare, då rama går utover planlagte tiltak for 2024 i langtidsbudsjettet.

2. Alle styremedlemmer og vara får raskt kalenderinnkalling til styreturen, hovudprogram vert sendt ut når nokre detaljar til er på plass. Maks tal deltakrar i vald buss er 16 inkludert sjåfør. (Styret, vara, sjåfør og administrasjon er inntil 14 personar)  
Ingvald Torblå deltek ikkje på heile turen, men på møte/tur gjennom Ullensvang. 1. vara blir kalla inn formelt som styredeltakar snarast.  
Eiga kostnadsdekning for styremedlemmane/varamedlem: jf. vedtak i sak 18/24, 3.4.24.

3. Møtepunkt i utkastet, lengde på møta, etc: Utifrå budsjett blir det vald enkle lokale og servering til alle sju møte med medlemmane.  
Første møte i sør med Stavanger kommune + Rogaland fylkeskommune samt bedrifts-medlem i dette området måndag kveld 21.10. er mogleg. Dette blir avtalt med dei to offentlege medlemmane.

4. Styret aksepterer rimelegaste tilbod frå Vik Idrettslag v/Roy E. Stadheim og føreset at oppgåva blir utført etter gjeldande reglar for persontransport og i tråd med programmet. Økonomiske detaljar blir etterspurt vidare.  
Bussen har avgrensa tal sete. Utover styret og administrasjon deltek repr. for Statens vegvesen eller Nye Veier på sine strekk på bussturen med stopp avtalt med desse.

5. Tidsrom for køyring med stopp i høve krav om kviletider er kvalitetssikra.

6. Representant for kommunar som ikkje har representasjon i styret kan vera med i busen etter avtale på relevante strekk.

7. Medlem med primært ein representant for kvar blir inviterte på dei fastlagte sju møta. Førehandspåmelding.

8. Presse blir invitert til møta med medlemmane.

9. Administrasjonen kjem tilbake med endeleg program og invitasjonsdetaljar til styremøtet i september. Nyheitsbrev kjem ut om turen før det.

### **Sak 26/24      Arendalsuka 2024 – innhald og framdrift**

Orientering:

Nasjonal Rassikringsgruppe skal delta på tre møte under Opplysningsrådet for vegtrafikken (OFV), m.a. den store samferdselsdebatten tysdag, desse møta er under planlegging. I tillegg kjem ein kort sekvens på 10 minutt.

Styreleiar Marta deltek med innlegg og debatt på møte onsdag 14.8. kl 17.45-18.30 hjå OFV. Hovudtittel er «Tilpasningsdyktige vegeiere».

Grovt program ligg allereie på nettsida til Arendalsuka.

Vi er definert som partner hjå OFV, og har logo på scenevegg.

Andre med-arrangørar som i nokon grad tek opp klima og ras i eigne møte er:

Vestlandsforskning (Klimavegprosjektet, SVV, Menon Economics.

Styret blir oppfordra til å delta i Arendalsuka på desse møtene.

### **Sak 27/24      NTP 2025-36**

- Den første plassen å presentera vår skuffelse over NTP-forslaget, var 9.4. på Mobiliseringskonferansen, Flesland. Dagen blei ein viktig plass å få ha kort presentasjon og treffa næringsliv og politikarar frå heile Vestland, sjølv om det i etterkant ikkje handlar om RV 13. Koplinga til Boliden og E134 var vellukka.
- Marta og Hanne møtte stortingsbenkane 21.05.24 i eit kort møte. Eit godt oppmøte med ni politikarar (seks frå Hordaland, tre frå Sogn & Fjordane, totalt frå seks parti). Ein fekk formidla bodskapen med tre prioriterte punkt for Fjordvegen Riksveg 13 og fekk nokre spørsmål og tilbakemeldingar. Tidspunktet vart likevel noko seint i høve pågåande prosess, sjølv om vårt initiativ var tidleg. Fire spørsmål til NTP-forslaget frå Stortingsrepresentantar der rv 13 var nemnt, låg ved innkallinga. Stortingsbehandlinga er utsett. Sjølv om Fjordvegen Riksveg 13 ikkje fekk møta til transportkomiteen si høyring, er uttale sendt dei.
- Nasjonal rassikringsgruppe er ein viktig samarbeidspartnar også framover. Nytt sekretariat i Vestland kjem på i haust. Vi legg opp til fleire teamsmøter med dei, for vegval framover.

### **Sak 28/24      Drøftingssak: Langsiktig plan, riksveg 13 etter NTP-behandlinga**

- Ny nasjonal skredfaktormodell – vidare prosess. Saka var første gang oppe i styret i 2022. Modellen gjeld prioritering mellom raspunkt for riksveger og fylkesveger. Fjordvegen må vera veldig tydelege på at ein også i ny modell må skilja mellom steinras og snøras. Steinras utgjør meir enn 60 % av rasa på veg i Norge, og tekniske

løysingar for å verna veg og folk mot steinras er svært forskjellige frå varslingsystema som finst og som blir vidareutvikla for snø. Dette blir ikkje så godt klargjort for politisk nivå. Det er enno grunn til å vera årvåken, sidan det er kun justering av modellforslaget som blir jobba med no. Første forslaget slo sterkt negativt ut for dei fleste av raspunkta på rv 13. Fylkeskommunane er involverte.

- Talgrunnlaget og faglege vurderingar frå SVV og NV: Det er viktig at samfunnsøkonomiske utrekningar framover tek med dei nye momenta omkring verdi/betalingsvilje for fjerning av fare for ras eller såkalla velferdsgevinst. Dette er utrekna av Menon Economics, samt i ny rapport frå TØI. Det må bli sams bruk av metode inn i verktøyet EFFEKT. Slik talfesting av fjerning av rasfare er ikkje med i noverande utrekningar og derfor ikkje vektlagt til no i NTP. NV har vore pådrivar for utvikling av ny faktor.
- Næringslivet v/Ingvald Torblå: Mangel på utrekning av næringslivet sine tap av forseinkingar og ulemper ved ras, rasfare og med brå stengingar. Fleire nasjonale transportaktørar må på banen. Etter det føreliggjande dårlege NTP-forslaget bør ei pakke med strakstiltak for fjellrensk på dei verste strekka kunne jobbast for.
- Strategi vidare – oppstart drøfting: Viktig at ein klarar å endra hovudargumenta til å prioritera tiltakspunkt/enkeltprosjekt for planleggings- og oppstartsmidler og stå ved dei. Utfordringa ved todelt ansvarsforhold for rv 13 fordelt på SVV og NV vil truleg stå ved lag. Utfordringa med å påverka prioriteringa innafor NV vil stå ved lag. Næringslivet i alle regionane må og parallelt vera aktive i sine kanalar slik at argument kan byggjast saman. At ein i dei ulike regionane samlar seg har effekt. God effekt for Fjordvegen Riksveg 13 i omdømmebygging og relasjonar ved å vera kontinuerleg synlege nasjonalt.

#### **Sak 29/24 Møteplan styremøte hausten 2024**

##### **Vedtak:**

Dato for neste møte: Måndag 23.09.2024 kl 12.30-14.30. Møtet er digitalt. Mogleg kort møte og i samband med styreturen 21.-23.10.

#### **Sak 30/24 Fast Post: Gjennomgang av status for Rv13**

Rødsliane-tunnelen for rv 13 i Suldal sine kostnadsramer er vedteken i Stortinget 30.5. og arbeid kan starta.

Parsellen Kinsarvik-Kyrkjenes er ferdig og 2 km ny veg på rv 13 vart opna 29.05.24.

#### **Sak 31/24 Innmeldte saker/Ymse**

Ingen innmelde saker.

Trude Rinaldo / Hanne Sundbø /s./  
ref.